



# DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjeleg fellesnemnd for nye Alver fellesråd

## Møtebok

Det var møte i kyrkjeleg fellesnemnd

<b>Utval</b>	Kyrkjeleg fellesnemnd
<b>Møtedato</b>	Onsdag 21.mars 2018
<b>Møtetid</b>	Kl. 16.00-19.30
<b>Møtestad</b>	Knarvik kyrkje

### Desse møtte:

#### Frå Lindås kyrkjelege fellesråd:

Ivar Eidsheim,  
Turid Sporsheim Tvedt  
Harald Osland Øvretveit

#### Frå Radøy sokneråd:

Gunnar Kartveit, måtte gå undervegs i møtet.  
Grethe Lunde  
Kirsten Skage Mellingen møtte som vara for Gunnar Kartveit.

#### Frå Meland sokneråd

Bent Gunnar Næss  
Einar Reigstad

#### Frå kommunal fellesnemnd:

Bjarte Vatnøy

#### Geistleg representant:

Geir Sørebo (prost i Nordhordland)

**Kyrkjeverjene** i Lindås, Radøy og Meland: Torgeir Paulsen, Audun Sylta, Anne Sofie Nergård Uthaug

\*Randi Letmolie frå KA hadde følgjande foredrag for fellesnemnda:

- *Kort innleiing om fellesnemnda sitt mandat, dei tilsette sin medverknad og fellesnemnda som vedtaksorgan.*
- *Innleiing med bevisstgjerung på erfaringa medlemmene sit med etter x antall år i MR og FR.  
Kva mål har fellesnemnda for eigen prosess?  
Kva er målet for samanslåinga?  
Kva er suksesskriteria for situasjonen 01.01.2020?*



# DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjeleg fellesnemnd for nye Alver fellesråd

\*Orientering om gruppearbeidet som er gjort tidligere på dagen. Leiar Grethe Lunde informerte

\*Utforming av felles mål for både prosess og sammenslåing. (sjå også sak 08/2018) Det var ei drøfting av målsetjingar. Forslaga vert omarbeidd etter signala i møtet og sendt ut til tilbakemeldingar.

## Sakliste

### **F - 06/2018            Godkjenning av innkalling og sakliste**

Det vert teke inn ei ny sak F- 13/2018. Innkalling og saksliste godkjent med denne endringa

### **F - 07/2018            Godkjenning av møtebok frå 10.01.2018**

Møteboka vart godkjent.

### **F - 08/2018            Mål for prosessen og samanslåing**

Det vart ei drøfting av målsetjingar utifrå eit framlegg frå Randi Letmolie. Forslaga vert omarbeidd etter signala i møtet og sendt ut for tilbakemeldingar frå fellesnemnda.

### **F – 09/2018            Partssamansett utval for Alver kyrkjelege fellesnemnd**

#### **Framlegg til vedtak:**

Fellesnemnd for Alver vedtek reglement for partsamansett utval for Alver kyrkjeleg fellesnemnd slik det ligg føre.

Følgjande medlemmer frå fellesnemnda blir utnemnd til å møte i partsamansett utval:

....., ....., ....., .....

#### **Vedtak:**

Fellesnemnd for Alver vedtek reglement for partsamansett utval for Alver kyrkjeleg fellesnemnd slik det ligg føre.

Følgjande medlemmer frå fellesnemnda blir utnemnd til å møte i partsamansett utval:

Bent Gunnar Næss, Harald Osland Øvretveit, Grethe Lunde, Turid Sporsheim Tveidt

Vara: Gunnar Kartveit, Einar Reigstad, Ivar Eidsheim

Vedtaket var samrøysta.

### **F - 10/2018            Framlegg til revidert budsjett**

#### **Framlegg til vedtak:**

Alver kyrkjelege fellesnemnd vedtar revidert budsjett for budsjettåra 2018 og 2019. Budsjettet balanserar på NOK 1.2 mill.

#### **Vedtak:**

Alver kyrkjelege fellesnemnd vedtar revidert budsjett for budsjettåra 2018 og 2019. Budsjettet balanserar på NOK 1.2 mill.

Vedtaket var samrøysta



# DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjeleg fellesnemnd for nye Alver fellesråd

## **F – 11/2018      Prosjektmidler til lønn.**

### **Framlegg til vedtak:**

Konsulent Linda G.Lunga vert tilsett i midlertidig stilling som konsulent i 15 % stilling fram til 30.11.2019.

Det vert føretatt midlertidig tilsetjing , eventuelt nytta innleigde vikarar, opp til ein sum tilsvarande 15 % stilling fram til 30.11.2019 som skal kompensere for John William Kay sitt arbeid med IKT og kommunikasjon i prosjektet.

Kostnaden vert omlag kr.340 000 medrekna sosiale utgifter og feriepengar. Arbeidsgjevartilhøvet vil bli organisert i dei fellesråda der desse to er tilsette i dag. Inndekning frå tildelte prosjektmidlar frå kommunal fellesnemnd i Alver kommune.

### **Vedtak:**

Konsulent Linda G.Lunga vert tilsett i midlertidig stilling som konsulent i 15 % stilling fram til 30.11.2019. Det vert føretatt midlertidig tilsetjing , eventuelt nytta innleigde vikarar, opp til ein sum tilsvarande 15 % stilling fram til 30.11.2019 som skal kompensere for John William Kay sitt arbeid med IKT og kommunikasjon i prosjektet. Kostnaden vert omlag kr.340 000 medrekna sosiale utgifter og feriepengar. Arbeidsgjevartilhøvet vil bli organisert i dei fellesråda der desse to er tilsette i dag. Inndekning frå tildelte prosjektmidlar frå kommunal fellesnemnd i Alver kommune.

Vedtaket var samrøysta

## **F – 12/2018      Møtegodtgjersle for kyrkjeleg fellesnemnd**

Framlegg til vedtak: Møtegodtgjersla vert sett til kr. 800 per møte for møter i nemnda og AU. Fleire samanhengande møter same dag vert kompensert med ei møtegodtgjersle.

Årleg fast godtgjersle til leiar for 2018 og 2019 kr. 25 000 med tillegg av vanleg møtegodtgjersle.

### **Vedtak:**

Møtegodtgjersla vert sett til kr. 800 per møte for møter i nemnda og AU. Fleire samanhengande møter same dag vert kompensert med ei møtegodtgjersle. Årleg fast godtgjersle til leiar for 2018 og 2019 kr. 25 000 i tillegg til vanleg møtegodtgjersle.

Vedtaket var samrøysta.

## **F- 13/2018 Sekretær og kasserar i samanslåtte sokneråd.**



# DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjeleg fellesnemnd for nye Alver fellesråd

## **Framlegg til vedtak:**

Spørsmål om administrativ hjelp i prosessen med samanslåing av sokna vert oversendt Lindås kyrkjelege fellesråd.

Administrativ hjelp til det nye soknet frå 2020 vert tatt med som eit viktig innspel i prosessen fram mot organisering av Alver kyrkjelege fellesråd.

## **Vedtak:**

Spørsmål om administrativ hjelp i prosessen med samanslåing av sokna vert oversendt Lindås kyrkjelege fellesråd.

Administrativ hjelp til det nye soknet frå 2020 vert tatt med som eit viktig innspel i prosessen fram mot organisering av Alver kyrkjelege fellesråd.

Vedtaket var samrøysta.

Manger/Frekhaug 23.03.18

Audun Sylta  
Prosjektkoordinator/kyrkjeverje

Anne Sofie Uthaug  
kyrkjeverje